



Emnerapport H2023:

## GEO131 Mat, miljø og berekraftig utvikling

### 1. Informasjon om emnet


Emne	<a href="#">GEO131 / Mat, miljø og berekraftig utvikling</a>
Undervisningssemester	Høst 2023
Emneansvarleg	Ragnhild Overå
Vurderingsform	5 timar skriftleg eksamen
Undervisningsform	1-2 førelesing á 2 timer pr. veke. Totalt 12-14 førelesingar. 3-4 seminar á 2 timer
Obligatoriske arbeidskrav	Godkjent skriftleg semesteroppgåve (1000-1200 ord)

### 2. Statistikk

Eksamensmeldt	82
Bestått	59
Manglende oblig	17
Ikke møtt	2
Avbrutt	1
Stryk	3
Gjennomsnittskaraktar	C

#### Karakterfordeling

Ordning	Antall studenter	A	B	C	D	E	F
S Skriftlig skoleeksamen	82	5	13	18	19	4	3
		% 8	22	31	32	7	
		% 8	21	29	31	6	5



### 3. Egenevaluering

*Vurdering av undervisningsopplegget i forhold til mål og resultater (emneansvarlig)*

Innhaldet i emnet var ganske likt fjorårets opplegg, med stort sett dei same 13 førelesingane ved medlemmer av staben på Institutt for geografi og gjesteførelesarane Anna B. Milford (NIBIO) og Jens B. Aune (Noragric, NMBU). Den siste førelesinga er ei oppsummeringsførelesing der studentane også får kome med innspel til kva dei ser som sentrale tema og omgrep aktuelle for eksamen.

Der var litt endringar i enkeltartiklar på pensum, men den største endringa var at ei av bøkene Young (2012) 'Food and Development' vart bytt ut med Trauger (2023) 'Geographies of food and power'. Ettersom dette fagområdet er i stadig endring, har vi i lengre tid jobba med å finne eit oppdatert alternativ. Boka var ganske fengande med sitt globale (om enn noko USA-fokuserte) og kritiske perspektiv, men var litt lite grundig på enkelte område. Uansett kjem vi til å behalde denne boka inntil vidare.

Det var også i år tre seminar: Det første med diskusjon av sentrale omgrep, og introduksjon og tema for den obligatoriske oppgåva, det andre med diskusjon av tema, struktur og skrivning av oppgåva, og det tredje med eksamensførebuing. Seminaropplegget fungerte bra.

I år hadde vi eit forsøk med blokking av dei tre obligatoriske emna på BA i geografi, det GEO13 er eitt av dei. Det medførte at emnet berre hadde totalt fem veker til disposisjon. Den første førelesinga var 25. september, oppsummeringsførelesinga var 23. oktober og eksamen var 26. Oktober. Dette var praktisk for dei som tok emnet som ein del av blokkopplegget for BA geografi, men for dei som tok emnet som frie studiepoeng fungerte det truleg dårlegare sidan det intensive opplegget då i større grad kolliderte med andre emne dei tok parallelt. Det er godt mogleg at ein del som hadde meldt seg på emnet enda opp med å ikkje ta emnet likevel på grunn av dette.

Ein annan uheldig ting med det korte og intensive opplegget var at et vart lite tid til å jobbe med seminaroppgåva og at det var stort arbeidspress på seminarleiar å gi tilbakemelding og godkjenne alle oppgåvene i god nok tid før eksamen.

Det var også utfordrande for studentane å lese og førdøye pensum på dei få vekene emnet varte. Vi kan ikkje vite om dette var årsaka til at karakterfordelinga på eksamen var litt tung i retning D heller enn C, men det er grunn til å tru at det var utfordrande for mange å sette seg grunding nok inn i alle tema og omgrep. Når det er sagt, hadde vi også i år mange svært gode og reflekterte eksamenssvar, det tydeleg at emnet engasjerer studentane.

### 4. Studentevaluering:


15 svar.

#### #1 Jeg tar GEO131 som del av:


- Bachelorprogram i geografi: 11
- Frie studiepoeng i andre bachelorprogram ved UiB: 2
- Årsstudium i geografi: 1

- Annet: 1

## #2 Hvor ofte har du deltatt i undervisningen?



## #3 Hvordan vurderer du disse sidene ved undervisningen og vurdering?



## #4 Har du kommentarer til forelesningene?

*Kommentarfelt er fjerna i denne versjonen*

## #5 Har du kommentarer til seminarene?

*Kommentarfelt er fjerna i denne versjonen*

**#6 Har du kommentarer til obligatoriske innleveringer?**

*Kommentarfelt er fjerna i denne versjonen*

**#7 Har du kommentarer til litteraturen?**

*Kommentarfelt er fjerna i denne versjonen*

**#8 Har du kommentarer til vurderingsformen?**

*Kommentarfelt er fjerna i denne versjonen*

**#9 Hvordan opplever du at innholdet i kurset gjenspeiler læringsutbytte som er definerert i emnebeskrivelsen (<http://www.uib.no/emne/GEO131>)?**

- Svært bra: 3
- Bra: 8
- Middels: 2
- Vet ikke: 1

**#10 Synest du informasjonen som er lagt ut på Mitt UiB er tilstrekkelig for å orientere deg i kurset?**

- Ja: 15
- Nei: 0

**#11 Hva er din samlet vurdering av emnet?**

- Svært bra: 4
- Bra: 8
- Middels: 3

**#12 Har du kommentarer til din samlet vurdering av emnet?**

*Kommentarfelt er fjerna i denne versjonen*

**#13 Har du forslag til forbedring av emnet?**

*Kommentarfelt er fjerna i denne versjonen*

## 5. Oppfølging

*Oppfølging av/kommentarer til tidligere evalueringer. Hvordan rapporten følges opp, evt. tiltak eller endringer som er gjort/planlegges gjennomført på bakgrunn av emnerapporten*

Ut frå erfaringane dette semesteret (sjå punkt 3) og tilbakemeldingane frå studentane i denne evalueringa vil eg vurdere å gjere følgjande endringar:

1. Å ha ei førelesing mindre og eitt seminar meir.
2. Det ekstra seminaret kunne evt brukast til å få til presentasjonar av semesteroppgåvene. Ettersom det er mange studentar er det mogleg at dette må gjerast gruppevis, men eg trur at det ville gje meining å ikkje berre levere oppgåva og få den godkjent, og at meir interaksjon rundt tema dei har valt å skrive om vil gi eit godt læringsutbyte.
3. Å sjå om det er pensum som kan gå ut utan at den totale mengda vert for lita.
4. Å gå tilbake til å køyre emnet parallelt med dei andre emna over lengre tid.